

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 19.11.2018

### Handsaming i møte

Før møtet i kontrollutvalet gjennomførte Deloitte 2-timers kurs i ny kommunelov for kontrollutvalet og fylkesadministrasjonen.

Inge Reidar Kallevåg og Kristian Helland orienterte frå telefonmøte tilsettingsutvalet hadde 12.11.2018 i høve innstilling på tilsetting av kontrollsjef for Vestland fylkeskommune. Etter planen skal saka handsamast i fellesnemnda 03.12.2018.

Kontrollsjefen orienterte om felles samling for kontrollutvala i fylkeskommunane i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal på Sola/Stavanger 9. – 10.01.2019.

Det er ei målsetting å legge fram sak i møte i kontrollutvalet 11.02.2019 om politisk organisering i Vestland fylkeskommune når det gjeld t.d. tal medlemmer i kontrollutvalet og kven/kor mange som skal ha sete i fylkestinget.

I neste møte vert det lagt fram sak om plan for konkurranseutsetting av revisjon Vestland fylkeskommune.

Invitasjon til NKRF-kontrollutvalgskonferanse 30. – 31.01.2019 på Gardermoen vart delt ut i møtet. Dei som ønskjer å delta kan melde seg på konferansen ved å ta kontakt med sekretariatet.

Følgjande møtedatoar i 2019 vert endra:

- 17.06.2019 vert endra til 11.06.2019
- 9. – 10.09.2019 vert endra til 16. – 17.09.19

### Vedtak

1. Dei som ønskjer å delta på NKRF-kontrollutvalgskonferanse 30. – 31.01.2019 på Gardermoen kan melde seg på konferansen ved å ta kontakt med sekretariatet.
2. Følgjande møtedatoar i 2019 vert endra:
  - 17.06.2019 vert endra til 11.06.2019
  - 9. – 10.09.2019 vert endra til 16. – 17.09.19
3. Informasjonen vart elles teken til orientering.